

# Saksframlegg

Sakshandsamar: Eirik Røysi  
Arkivsaksnr.: 14/822-15

Arkiv: L32

## Godkjenning av nye vegnamn i Sogndal kommune

### \* Tiltråding:

1. Tiltrådd adresseparsell **15010 Barsnesvegen** vert delt i 2 parsellar, med vegnamn **Loftesnes** inn til Vandanes og vegnamn **Barsnes** vidare. Vegparsell frå kryss med Mannhellervegen ved Byggsenteret og austover til gbnr 2/31 vert eigen adresseparsell med vegnamn **Ytre Loftesnes**.
2. Adresseparsell **15090 Gamle Kaupangsvegen** vert delt i 3 parsellar og erstatta med: **Kjørnes, Vedlegjerdet** og **Vikane**.
3. Vegnamna **Barsnes, Ytre Loftesnes, Kjørnes, Vedlegjerdet** og **Vikane**, vert å sende på høyring.

### Vedlegg:

1. Utskrift av møtebok for Sogndal formannskap i sak 77/15
2. Lokal adresseforskrift for Sogndal Kommune
3. Kart over endra parselldeling parsell 15010
4. Kart over endra parselldeling for veg austover frå Byggsenteret
5. Kart over endra parselldeling parsell 15090
6. Notat datert 02.11.2015 frå rådmannen.

### Saksutgreiing:

I møte den 22.10.2015 handsama Formannskapet framlegg til 80 nye vegnamn i Sogndal kommune. Namneframlegga er utarbeidde av namnenemnda, har vore utlagde i 2 høyringsrundar til partar dei vedkjem og pålagde offentlege instansar, før rådmannen fremja sak til formannskapet for fastsetjing av namn og skrivemåte for dei 80 namna.

### Namnevedtak:

I sak 77/15 vedtok formannskapet skrivemåte for 76 av dei 80 namna. For 8 av dei 76 vegnamna, gatekode 13660 Stenehjemsvegen, 13480 Høljarvollen, 13770 Hodlekvevegen, 16040 Indre Slinde, 10910 Vedlegjerdsvegen, 6910 Bråtane, 1368 Gurvinsvegen og 13040 Våteviksvegen, er det vedteke å reise namnesak for klargjering av skrivemåten. To av dei 76 vegnamna, parsell 1400 Årøyvegen og parsell 16070 Svihaugvegen, er nameendringa så omfattande at namna må gjennom ny høyringsrunde. Dei her nemnde vedtaka er gjort av formannskapet med heimel i «Forskrift for namnsetjing, adressering og adresseforvaltning i Sogndal kommune § 3 og §6.4.

### **Endring av parselldeling:**

Formannskapet vedtok i tillegg samrøystes at den føreslegne vegparsellen **15010 Barsnesvegen** får vegnamnet **Loftesnes** frå avkøyringa ved Mannhellervegen og til Vandanes, og vegnamnet **Barsnes** frå Vandanes og vidare innover mot Barsnes. Vegen frå kryss aust for Mannhellervegen ved Byggsenteret som går sørover til gbnr 2/31, skal heite **Ytre Loftesnes**. Vidare vedtok Formannskapet at tilrådd adresseparsell **15090 Gamle Kaupangsvegen**, vert delt i 3 parseller med vegnamna **Kjørnes**, **Vedlegjerdet** og **Vikane**.

Oppdeling av vegnettet i adresseparsellar skal skje etter reglane i §8 i lokal adresseforskrift. Dette er ei administrativ og adressefagleg oppgåve, som etter § 2 og § 6.1 forskrifta er delegert til adressemyndigheita v/rådmannen. Jf. forskrifta §6.4 kan namnemyndigheita (formannskapet) ikkje endre adresseparsellane som adressemyndigheita har sett.

Rådmannen opplyste om at Formannskapet sitt vedtak om endring av adresseparsellane 15010 og 15090 er forskriftsstridig og at saka difor ikkje kan vedtakast av formannskapet. Denne delen av saka vert difor lagt fram for Kommunestyret som eiga sak.

Ei nærare klargjering av grunnlaget for adressemyndigheita si tilrådde adresseparselldeling til formannskapet framgår av vedlagde notat frå rådmannen.

Sogndal 23.09.2015

Jostein Aanestad  
rådmann